HÅKON DEN GODE
Kulturformidling

# HÅKONARSPELA

Kyst søgevekere 97

**Av JOHANNES HEGGLAND**

**Musikk:**
**KETIL HVOSLEF**
**KNUT VAAGE**
**JOSTEIN STALHEIM**

**Regi: ANNE GULLESTAD**
**Medinstruktør/**
**Prosjektleiar: RAGNHILD RANDAL**



**"KONGEN MED GULLHJELMEN"**
I Håkonarparken/Fitjar: 9. og 10. august kl 15.00

**"HÅKONARVARDE"**
På Håkonshaugen/Seim: 16. og 17. august kl 15.00

**"HÅKON ADALSTEINSFOSTRE I GULA"**
På Flolid/Eivindvik: 23. og 24. august kl 15.00

**"HÅKON ADALSTEINSFOSTRE"**
På Haakonsvern/Håkonshella: 30. og 31. august kl 15.00

**KULTURFORMIDLINGA HÅKON DEN GODE**
**i samarbeid med HORDALAND TEATER**
kommunane Fitjar, Lindås, Gulen og Bergen,
Hordaland Fylkeskommune og Sogn og Fjordane Teater

## Kjære medarbeidarar,



Eg sit på Reykholt juni 1997. Snorre sin islandske bustad. Her fall han for svikarhand i 1241. Men før han døydde gav han oss våre eigne kongesoger i si dramatiske forteljarmålform.

Ein av kongane - Håkon den Gode - er framleis på underleg vis Vestlandet sin konge. Her vart han fødd, her gav han ny kraft til Gulatingslovene, her døydde han. No i 1997 skal vi minnast kongen, og vi skal løfte blikket mot nye år - eit nytt 1000-år.

Arbeidet med *Kulturformidlinga Håkon den Gode* har vore krevjande, men fascinerande interessant. Dei første tankane, arbeid og utforming, og endeleg eit samla verk om Håkon den Gode. Alt heng saman med sterke og gode band.

Eg takkar for tillit, hjelp, gode råd og eventyrleg innsats. No heiter det: *Vi*. Vi som greidde det: Forfattar, komponistar, skodespelarar, songarar, musikarar, reiseliv, næringsliv, arbeidsgrupper, regionale hovudkomitear og styret. Amatørar og profesjonelle - urøynde og røynde. Vi har greidd det. Og ei sann takk til vårt eige Hordaland Teater og Anne Gullestad - sjølve "teatermora" vår.

Alle har de vore hjelpesmenn - og kvinner. Velviljen, samarbeidet og arbeidsånda har fungert i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det sentrale Vestlandet viser veg.

No gir vi Håkon den Gode attende til Vestlandet, til det folket han var runnen av. Håkon den Gode som for meir enn 1000 år sidan forsto at *samarbeid gjer sterk*.

Det er mitt beste ynskje frå Reykholt.

Ragnhild Randal

Ragnhild Randal
- Prosjektleiar -

*Takk til Vestlandets Sjøforsvarsdistrikt, Haakonsvern og Hordalands Heimevernsdistrikt 09.*

**Kjære publikum,
ferdafolk frå fjern og nær!**

Målet med desse fire spela er ikkje berre å vera motoren som dreg i gang dei såkalla kystsogevekene i 17 av kystkommunane i fylket vårt. For Hordaland Teater er det viktig å eggja fantasien slik at vi er meddiktarar til noko som verkeleg gjekk føre seg midt på 900-talet. Utgangspunktet vårt har vore det sagaen fortel om Håkon den Gode - i skildringane frå Fitjar, Seim, Gulen og Håkonshella. Sagaen er ikkje alltid til å stola på som historisk kjelde. Sagaen fortel heller ikkje alt om ferda til Håkon. Diktaren Johannes Heggland har måtta dikta vidare der sagaen teier. Men fjella rundt oss er dei same som den gongen. Med naturen som teaterrom har vi såleis ein medspelar i freistnaden på å skapa den historiske illusjonen. Publikum er også medspelarar. Teatret får livet sitt når tilskodaren møter fram - og er over når spelet er slutt og applausen døyr ut.

I tillit og tru på teatret si evne til å vera fristad for skaparkrafta til menneske, til å skapa fellesskap kring eit kunstnarleg uttrykk og vera ein levande møteplass for menneske, har vi gjort det: Gitt oss i kast med denne gigantoppgåva. Fire "verdspremièrar" på utespel i ein og same august månad i 1997 - på fire geografisk sett temmeleg spreidde "teatersalar".
Åleine hadde vi aldri klart det. Åleine hadde vi aldri våga det. Og åleine har vi heldigvis heller ikkje vore. Frå første steg har vi vandra vegen saman med Kulturformidlinga Håkon den Gode. Og underteikna kan leggja til: Utan hand i hand med Ragnhild Randal hadde dette ikkje vore mogleg. I fellesskap har vi bygt opp aktive medarbeidarar på dei ulike spelstadene, der amatørskodespelarar, songkor, musikarar, handverkarar av fleire slag - og administratorar, har forma seg som lokale produksjonsgrupper - fulle av energi og dugnadsånd - sveisa saman gjennom eit års innsats. For alle desse har den livgjevande inspirasjonen blitt tilført gjennom profesjonelle krefter. Det gjeld scenografi, kostyme, musikk, songarar, skodespelarar og regi.


*foto: Siri Wahlen Simonsen*

Arbeidet med spela har vore ein dialog tvers over gardsgrenser, kommunegrenser og fylkesgrenser. På fire utescenar kjem mennesket si tryllekraft til uttrykk etter eit års innsats frå eit uvanleg mangslungent fellesskap. For Hordaland Teater har dette vore ei sak å stri for, ei sak å utøva dugnad for, ei sak å vera glad for og ei sak å vera stolt av.

Så vel møtt til eit levande samspel - med beste helsing frå ein utblåst, kuldeskada, utvaska, flatkøyrt, blakk - men stolt teatersjef som mellom anna har ansvaret for regien.



Anne Gullestad
- Teatersjef -



foto: Løtvedt

## JOHANNES HEGGLAND - forfattar

er fødd i Tysnes i 1919. Han har markert seg som ein av våre fremste og mest produktive nolevande forfattarar. Han har skrive ei lang rekkje romanar og barnebøker, og har nådd fram til eit stort publikum med romanseriane *Brødet frå have*t, *Seglet og vinden* og ikkje minst med serien om Karjana, som vart avslutta med boka *Det stutte livet* i 1992. I 1994/95 utkom dei to fyrste romanane i ein serie han har kalla *Jordparadiset*. I haust kjem Heggland med ein notidsroman med tittelen *Sjå kor dei elskar kvarandre*. Heggland har skrive manus til fleire kjende sogespel, mellom anna til *Mostraspelet - Kristkongane på Moster*. I syklusen på fire spel om Håkon den Gode får vi igjen oppleva Hegglands evne til å gi fortida liv. Svært få kan fortelja slik som Heggland, og knapt nokon kan skildra folk og lynne frå våre kantar som han.



foto: Norsk Musikk-informasjon

## KETIL HVOSLEF - komponist

(f. 1939) er utdanna ved Bergen Musikkonservatorium med orgel og bratsj som hovudinstrument. Han tok organist-eksamen i 1962. I 1964 debuterte han som komponist med *Concertino for klaver og orkester*. Han har skrive det symfoniske diktet *Mi-Fi-Li*, ei rekkje solokonsertar for klaver, trompet, kontrabass, fiolin, fagott, cello, store orkesterverk som *Concertino for orkester, Antigone* og *Il compleanno*. Han har skrive kammermusikk, musikk for scenen og for TV-produksjonar. Hvoslef har to gonger motteke Norsk Komponistforenings pris "Årets verk" - i 1978 for *Concertino for orkester* og i 1985 for *Il compleanno*. Han var festspelkomponist ved Festspillene i Bergen i 1990.



## KNUT VAAGE - komponist

(f.1961) bur og arbeider i Bergen. Han er utdanna frå Bergen Musikkonservatorium og frå private komposisjonsstudium. Knut Vaage har skrive solo-, kammer- og orkestermusikk og er mellom anna blitt framført av Bergen Filharmoniske Orkester. Han har også fått framført verk på festivalar i inn- og utland. Som teaterkomponist har han mellom anna hatt fleire oppdrag for Den Nationale Scene. For Hordaland Teater har han tidlegare skrive musikk til festspelframsyninga *Peer Gynt*.

## JOSTEIN STALHEIM - komponist



foto: Norsk Musikk-informasjon

(f.1960) har studert komposisjon og akkordeon ved Det kgl. danske Musikkonservatorium og Norges Musikkhøgskole. Alt som 17-åring fekk vossingen framført sine første komposisjonar. Stalheim er svært oppteken av rørsle-element i musikken, og dei seinare verka tek gjerne utgangspunktet i ei fysisk retning eller fråstand. Han har skrive musikk til fleire ballettar og har ei rekkje sceniske prosjekt bak seg - mellom anna for Det kgl. Teater og Jytte Abildstrøms teater i København, Den Nationale Scene, Bergen Komediateater og Hordaland Teater. Som solist på akkordeon har Stalheim markert seg internasjonalt i BBC-TV, NRK og i ei rekkje orkester i og utanfor Norden. Stalheim er tilsett som produsent i Rikskonsertene.

## ANNE GULLESTAD - instruktør



foto: Siri Wahlen Simonsen

må vera den mest røynde spelinstruktøren i landet, og er ein unik drivkraft når det gjeld å få realisert utespel i distrikta: Ho har 14 års fartstid som instruktør for *Mostraspelet*, 13 års røynsle frå *Kinnaspelet*, sette opp *Sunniva og Viking Ravn* til 1000-årsjubileet for kyrkja i Noreg og er no instruktør for alle fire spela om Håkon den Gode. Anne Gullestad er teatersjef for Hordaland Teater. Ho har bakgrunn som skodespelar med store roller særleg ved Den Nationale Scene, instruktør, teaterpedagog og administrator med repertoar frå Ibsen, Shakespeare, moderne drama, musikkspel og ny norsk dramatikk. Ho har vore teatersjef for Riksteatret, for Sogn og Fjordane Teater og vore initiativtakar til Vestlandske Teaterlag. Ho har motteke ei rekkje prisar, mellom anna St. Olavs orden, Ridder av 1. klasse.

## RAGNHILD RANDAL - prosjektleiar/medinstruktør



er ein initiativtakar av dei sjeldne, særleg når det gjeld å fremja Vestlandskulturen. Ho har vore instruktør for meir enn 40 ulike teaterstykke og starta Bømloteateret der ho var kunstnarleg leiar i 17 år. Ho har sett saman, tilrettelagt og instruert fleire kabaretar frå Vestlandsmiljø og er rekna som ei mor for *Mostraspelet*. Ho var blant initiativtakarane til *Prosjekt Vestkyst* og prosjektleiar i startfasen for Samordningssenteret i Sunnhordland. Frå 1987 til 1995 var ho tilsett ved Hordaland Teater der ho fungerte som høgre handa for teatersjef Anne Gullestad som då også var Riksteatersjef i Oslo. Frå 1995 har ho vore prosjektleiar for *Kulturformidlinga Håkon den Gode*. Ho har motteke fleire prisar for engasjementet for kulturen her vestpå



foto: Arkiv,
Det Norske Teatret

## PAUL-OTTAR HAGA

kjem frå Verdal i nord-Trøndelag der han så å seia er oppvaksen med *Olsokspelet* på Stiklestad: I 24 år på rad har han medverka i spelet! Han gjekk ut frå Statens Teaterhøgskole i 1990 og har sidan vore fast tilsett ved Det Norske Teatret der han har spela til dømes hovudrolla som Olav Engelbrektson i *Sankt Olavs Skrin*, Håkon Dale i *Medmenneske*, Slim i Steinbecks *Mus og Menn* og Eilert Løvborg i *Hedda Gabler*. Frå NRK er han kjend som *Peer Gynt* i Bentein Baardsons oppsetjing frå 1993. Sommaren 1995 turnerte han med Dollie deluxe i rolla som Biskop Daniel i *Henriette den VIII og hennes 7 ektemenn*. I vår har han medverka i den nye, norske thrilleren *Mørkets øy* som får première på kino i januar 1998.



foto: Trygve
Schønfelder

## AGNETE G. HAALAND

er veteran som "utespelar". Ho har vore med i *Kinnaspelet* kvart einaste år sidan starten for 13 år sidan, og spelte i ei årrekkje ei av hovudrollene i *Mostraspelet*. Ho har hatt ei rad store roller ved Sogn og Fjordane Teater og Riksteatret, og har medverka i fleire filmar, mellom anna i *Kamilla og tyven*. Frå NRK er ho kjend som sørlandsjenta Turid i *Vestavind*, som sekretær i *Offshore* og medverkar for tida i innspelinga av Leidulv Risans *Blodsbånd*. Ho har sjølv, som leiar for teatergruppa Thalias Døtre, produsert sju ulike skodespel, mellom anna dei kritikarroste og sjølvskrivne monologane *Florence Nightingale - Kvinne i krig* og *Die Flagstad*, ein monolog om Kirsten Flagstad. Agnete er for tida busett i Kina der ho er i ferd med å skapa ei framsyning om Karin Boye.



foto: Trygve
Schønfelder

## STEIN ARILD ESPELAND

er utdanna musikar, men har vore innom alt frå revyar til seriøs musikkdramatikk. Han har arbeidd ein del med kor, vore dirigent, arrangert kormusikk og trakterer såvel fiolin som hardingfele. For tida er han tilsett som sivilarbeidar ved Hordaland Teater. Han medverka som skodespelar i framsyninga *Millom bakkar og berg - Eit Ivar Aasen program* ved Hordaland Teater hausten 1996. I *Mostraspelet*-97 spela han kong Olav Haraldsson.





*Til venstre: Stein Arild Espeland i rolla som Øyvind Skaldaspille, Paul-Ottar Haga som Håkon den Gode og Agnete G. Haaland som Tora Mostrastong. Frå prøvene på "Kongen med Gullhjelmen", Fitjar. Foto: Stein Erik Gilje.*
*I midten: Kjersti Wiik som Jorunn Skjoldmøy. Frå prøvene på "Håkon Adalsteinsfostre i Gulen. Foto: Kjell Solheim.*
*Til høgre: Vigdis Aarre Olsen, bakspelar for Berit Opheim, i rolla som Jorunn Skjoldmøy. Frå prøvene på "Kongen med Gullhjelmen", Fitjar.*
*Foto: Stein Erik Gilje.*

## BERIT OPHEIM - Kvedar (Fitjar/Håkonshella)



*foto: Nor-CD*

kjem frå Voss og er songutdanna frå Bergen Musikkonservatorium og Norges Musikkhøgskole. Ho er ein aktiv utøvar såvel innanfor jazzmiljøet i Noreg, innan moderne musikk og folkemusikk, og har såleis medverka som solist på plater innan alle desse musikkgenrene. Ho har også gitt ut soloplata *Eitt Steg* (1996). Ho har vunne Landskappleiken fleire gonger, var medlem av gruppa *Orleysa*, og er medlem av gruppene *Nordens Rose*, *Sogn-a-song* og *Fantafylgje*. Berit Opheim er tilsett ved Ole Bull Akademiet på Voss, men er og timelærar ved Musikkhøgskolen i Oslo. Ho har sjølv samla og gjeve ut bok og kassett med folketonar frå Voss, og har halde kurs og seminar i heile landet.

## KJERSTI WIIK - Kvedar (Gulen/Seim)



*foto: Arne Årseth*

kjem frå Lindås i Nordhordland og har musikk- og songarutdanning frå Bergen Lærarhøgskule og Griegakademiet i Bergen. Ho er ein allsidig utøvar innan både folkeleg og klassisk songtradisjon og har bakgrunn såvel i amatørteater og revyar som i opera og orkesterverk. Kjersti Wiik er leiar for folkemusikkgruppa *Rotfeste* og for den klassiske sekstetten *Musica Amorosa*. Ved sida av eit aktivt frilanssongarliv, underviser ho i klassisk songtradisjon og kveding. Kjersti Wiik arbeider aktivt for å gjera lokal songtradisjon tilgjengeleg for folk flest; På CD'en *Strilesølv* frå 1997 formidlar ho sjølvinnsamla folkemusikk frå Nordhordland.



## JACK MARKUSSEN - scenograf

kjem frå Borg i Lofoten og er utdanna skreddar, men har dei siste tolv åra etablert seg som ein allsidig teaterkunstnar. Det starta med medverknad i friteatergruppa *Dukkenikkerne*. Med røynsle som skodespelar, dokkemakar, kostymedesigner og scenograf er han blitt ein ressursperson i norsk teaterliv. Han er i dag leiar for *Dukkenikkerne*. Frå verkstaden deira i Østre Muralmenning i Bergen blir det laga framsyningar, kostyme og rekvisittar såvel til eige bruk som til samarbeidspartnarar som Hålogaland Teater, Hordaland Teater, Bergen Byspill og Kenneth Dean Productions.



## TRUDE BERGH - kostymedesigner

er oppvaksen i Bergen. Ho er utdanna frå kostymelinja ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole og vart tilsett ved systova til Oslo Nye Teater. Ho har ei rekkje oppgåver bak seg som kostymeteiknar for mellom anna Oslo Nye Teater, Rogaland Teater og Oslo Dance-ensemble. Ho har jobba med Marianne Forsberg også i tidlegare produksjonar.



## MARIANNE FORSBERG - kostymedesigner

er oppvaksen i London. Ho er utdanna frå kostymelinja ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole og vart tilsett ved Oslo Nye Teater. Ho har hatt oppgåver som kostymeteiknar for Oslo Nye Teater, NRK, Seniorteatret og ulike frie grupper. Ho har jobba saman med Trude Bergh i tidlegare produksjonar.

## TORUNN LØKEN - maske

er frilans-sminkør og har ansvaret for sminke på ei rad utespel over heile Noreg, mellom anna *Mostraspelet*, *Kinnaspelet* og *Kongens Ring* på Herøy. Ho var i fleire år fast tilsett ved Det Norske Teatret, har ei rekkje oppgåver bak seg i stor-oppsetjingar ved Chateau Neuf og Victoria Teater i Oslo og held kurs i sminke for amatørar over heile landet.

**FETLING** - omsveiping, til dømes om sår.

**FLEIN** - pil med mothakar på.

**FLEINFLODI** - blodstraumen.

**FYRNDEHEIM** - i gamal tid.

**FØRELOGA** - oppgåva.

**GRID** - heimvist, trygg heimstad.

**GÅ HOLM** - gå i holmgang.

**HEGGENATTA** - midtvinternatta, 12. januar.

**HILDARLEIK** - stridsleik, strid.

**HIMMELHESTAR** - Torshestane.

**HJALT** - tverrstykke mellom sverdbladet og skjeftet.

**HLAUT** - blod.

**HLAUTBOLLAR** - blotbollar, til offerblod.

**HÆRLAUP** - innkalling til slag, mobilisering.

**HÆRPIL** - bodstikka. Hærpila hadde eit reip eller vidjeband hengande i eine enden og kalla alle mann væpna til tings; Ho gjekk frå gard til gard.

**HÅSETE** - rorskar, matros, styrmann.

**JARTEGN** - gåva; prov på at ein fer med sanning.

**KORMT** - Karmøy.

**LAGMANN** - domar på lagtinget.

**LAUSABRYLLAUP** - hastverksbryllaup.

**LOFDARHORN** - Lyderhorn.

**LYVJA** - lindra, lækja.

**MANNA-SKJEPNUR** - mannsskapnad.

**MEINRÅD** - råd til meins og skade.

**MUNNGOT** - heimebryggja øl.

**MUND** - gåva, betaling som brudgomen gav for brura, og som ho og fekk.

**NIDING** - kjeltring, skarv, svikar.
**ODINS-REGN** - Odinsmjød, diktardrykk (kvad).

**OLD** - alder, tidsepoke.

**PERSOK** - per varmstein, 22. februar.

**PRIMSIGNING** - merkja med krossteiknet (eit slag førebels kristning).

**PÅL APOSTEL** - apostelen Paulus

**RAUSN** - rom mellom framstamn og austerrom på drakeskip.

**SJOARVEG** - sjøveg, veg til sjøs.

**SKÅLE** - stova, storstova.

**SOLSKUGGEFJØL** - sekstant, vinkelmålar til å måla solhøgda

**STORHUNDRA** - 120.

**SUVL** - "Noget fedt og saftigt at æde til Brødet." (Aasen).

**SYNDE-SÅLI** - syndesjela.

**TIGNE** - (fl.) tiginborinn, av høg ætt.

**TIVAR** - hærguden Tyr (fleirtal).

**UBOTAVERK** - brot som ikkje kan sonast med bot.

**URDARBRUNNEN** - mytisk brunn.

**UTIGNE** - (fl.) ugjæve, av lågare stand.

**UTLÆG** - verta utlæg, landlyst.

**VALFADER** - allfader.

**VELSKE** - walisiske

**VETE** - vedstabel som vart tent på nutar som teikn på ufred.

**YGGDRASIL** - namnet på allheimstreet.

**ÆGIR** - sjøguden.

**ÆGISLEIKEN** - sjøkamp.

## DEN NORSKE KONGEREKKJA

| | |
|---|---|
| ca 880 - 931 | Harald Hårfagre |
| ca 931 - 933 | Eirik Blodøks |
| ca 933 - 959 | Håkon Adalsteins fostre, den Gode |
| ca 959 - 974 | Harald Gråfell |
| 974 - 995 | Danskestyre: Håkon Jarl |
| 995 - 999 | Olav Tryggvason |
| 999 - 1015 | Danskestyre: Eirik og Svein Jarlar |
| 1015 - 1028 | Olav Haraldsson den heilage |
| 1028 - 1035 | Danskestyre: Knut den mektige |
| 1030 - 1035 | Danskestyre: Svein og Alfiva |
| 1035 - 1046 | Magnus Olavsson den gode |
| 1045 - 1046 | Samkongedøme: Magnus Olavsson den gode og Harald Sigurdsson Hardråde |
| 1046 - 1066 | Harald Sigurdsson Hardråde |
| 1066 - 1093 | Olav Haraldsson Kyrre |
| 1067 - 1069 | Samkongedøme: Olav og Magnus Haraldsson |
| 1093 - 1095 | Samkongedøme: Magnus Olavsson og Håkon Magnusson Toresfostre |
| 1095 - 1103 | Magnus Olavsson Berrføtt |



*Paul-Ottar Haga i rolla som Håkon den Gode i "Kongen med Gullhjelmen", Fitjar. Foto: Stein Erik Gilje*

## HÅKON DEN GODE

OPPHAV: Håkon er fødd kring år 920 som son av Harald Hårfagre og Tora Mostrastong på Håkonshella utanfor Bergen.

BARNDOM: Han blir oppfostra i England hos kong Adalstein. Her blir han døypt og lærer kristne seder å kjenna.

KONGSNAMN: Harald Hårfagre døyr kring 940, og Håkon som er Haralds yngste son, dreg til Noreg for å ta kongsnamn. Etter Snorre er han 15 år gammal då han blir teken til konge av trønderane med Sigurd Ladejarls hjelp. Han driv bror sin, Eirik Blodøks, ut av landet. Med dette er han i namnet blitt konge over heile Noreg.

KRISTENTRU: Håkon bygde nokre kyrkjer og gjorde freistnader på å føra inn kristendomen i Noreg, men møtte krass motstand - frå trønderane ikkje minst. Han gav opp misjonsoppgåva og vart tvungen til å leva på heiden vis og ta del i dei heidenske blotingane.

LOVKUNNIG: Soga seier at Håkon skipa Gula- og Frostatinget, men dei var båe eldre. Rett er at han styrkte retts- og forsvarsskipnaden på våre kantar av landet og utvida tingområda. Påbodet om varde- og leidangsskipnad var ei nyskaping i Gulatingslova.

EIRIKSSØNENE: Håkon måtte fleire gonger verja seg mot Eirikssønene som kravde kongsretten til riket. Dei fekk stønad av danskekongen, og det var nok difor Håkon drog på hærferd til Danmark, der han plyndra og drap for fote. Sidan kom Eirikssønene med ein stor flåte nord for Stad medan Håkon låg på Mære. Håkon vann dette slaget.

BANESÅR: Truleg i året 961 kom Eirikssønene uventa over kongefølgjet medan folk sat til bords. Håkon fekk banesår. Han anda ut på Håkonshella der han såg dagsens ljos. Liket vart ført til Seim og gravlagt der.

| | |
|---|---|
| 1103 - 1122 | Samkongedøme: Magnussønene Øystein, Sigurd og Olav |
| 1122 - 1130 | Sigurd Magnusson Jorsalfare |
| 1130 - 1134 | Samkongedøme: Magnus Sigurdsson og Harald Magnusson Gille |
| 1135 - 1136 | Harald Gille |
| 1136 - 1157 | Samkongedøme: Haraldssønene Inge Krokrygg, Sigurd Munn og Øystein |
| 1157 - 1161 | Inge Krokrygg |
| 1161 - 1184 | Magnus Erlingsson |
| 1184 - 1202 | Sverre Sigurdsson |
| 1202 - 1204 | Håkon Sverreson |
| 1204 - 1217 | Inge Bårdsson birkebeinarkonge |
| 1207 - 1217 | Filippus Simonsson baglarkonge |
| 1217 - 1263 | Håkon Håkonsson |
| 1263 - 1280 | Magnus Håkonsson Lagabøte |
| 1280 - 1299 | Eirik Magnusson |
| 1299 - 1319 | Håkon 5. Magnusson |
| 1319 - 1355 | Magnus Eriksson, svenskekonge |
| 1355 - 1380 | Håkon 6. Magnusson, svenskekonge |
| 1380 - 1814 | Dansk-norsk union |
| 1814 - 1905 | Svensk-norsk union |
| 1905 - 1957 | Haakon 7. |
| 1957 - 1991 | Olav 5. |
| 1991 - | Harald 5. |

*Kjelde: Danielsen m.fl: Grunntrekk i norsk historie, Universitetsforlaget 1991.*

## Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane:

*Kongen kastar ei brynje på seg og spenner om seg sverdet Kvernbit, han sèt ein gull-slegen hjelm på hovudet sitt, tek eit spjut i handa og skjold ved sida; då stellar han hirda i ei fylking i hop med bøndene og sette opp merka sine.*
Frå Snorre*

På Fitjar fekk Håkon den Gode ulivssåret. Slaget på Fitjar er den sjølvskrivne sentrale hendinga i spelet. Men spelet kastar også lys over ei anna historisk hending der Håkon den Gode står i sentrum: Varde- og leidangskipnaden langs kysten, eit omfattande system for å varsla kongen og folket om fiendar som var på veg. Håkon var svært streng når det gjaldt "falsk varsling"; ein skulle ikkje sløsa med mann og ved i utrengsmål. Leidangsskipnaden var svært ressurskrevjande. Bjørn Svarte må i spelet bøta for dette. Oppgjeret mellom Håkon den Gode og Bjørn Svarte er ei sentral hending i spelet.

Håkon har styrt landet i 26 år når han kjem på vitjing til Fitjar. Eirik Blodøks er daud. Som konge av Jorvik (York) fall han i slag i England. Dronning Gunnhild og dei unge sønene til kong Eirik drog til Danmark etter dette. Der fekk ho hjelp av danskekongen som gjerne såg at han fekk fotfeste i Vika og på Agder. Eirikssønene har vore på fleire hærferder mot kong Håkon, men har ikkje vunne siger - før no, i slaget på Fitjar. Ein scene går føre seg i Danmark hos Eirikssønene.

I spelet møter vi og Tora kongsdotter. Sidan Håkon den Gode ikkje har nokon son, kan Tora ikkje giftast bort til kven som helst. Utanom dei historiske personane er her med ein del bygdefolk.

Songen *Ein Håkon trødde på Englands jord* er nyskriven for spelet.

**Omsett av Steinar Schjøtt, revidert utgåve ved Rolv Thesen og Sigmund Moren, Gyldendal 1964.*

*Frå prøvene.*
*Foto: Stein Erik Gilje*



*Birgitte Drønen som Tora Håkonsdotter og Jørund Fjøsne som Bjørn Svarte.*



*Birgitte Drønen som Tora Håkonsdotter, kvinne og menn i spelet.*



*Vidar Kjemperud som Broder Jatmund med menn frå spelet.*



## Helsing frå ordføraren i Fitjar

Å ha kunnskap om fortida og vår eiga lokalhistorie har alltid hatt høg prioritet i Fitjar. Historiske kjelder stadfestar at Fitjar har spelt ei sentral historisk rolle, og dette ynskjer me å formidla vidare.

Håkon den Gode, som ofte var på vitjing i kongsgarden på Fitjar og som til slutt fekk banesåret sitt her, vil for alltid vera knytt til Fitjar. I dag spelar han på nytt hovudrolla ved framføringa av *Kongen med Gullhjelmen*.

Dette sogespelet, ført i pennen av Johannes Heggland, er eit storstilt samarbeidsprosjekt mellom Kulturformidlinga Håkon den Gode, Hordaland Teater og Fitjar Kommune. Det har løyst ut ein folkedugnad i bygda vår, og mykje av dette må tilskrivast ei kyndig prosjektleiing, både sentralt ved Ragnhild Randal og lokalt ved Bjørn Haaland.

Spelet innleier Kystsogevekene-97, ei storfelt kulturmønstring i 17 kystkommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Fitjar har også ein rik og framleis aktiv kystkultur å visa fram. Denne kystkulturen ynskjer me særleg å trekkje fram den komande veka. Me vonar såleis at publikum, både tilreisande og fastbuande, vil oppleva rike augustdagar her på Fitjar.

Per-Gunnar Bukkholm
- Ordførar -

*Frå prøvene. Foto: Stein Erik Gilje*



*Sissel Jørgensen som Udna Fiskreke og Inge Agnar Hatlevik som Olmod Årmann.*



*Leif Sigurd Larsen, bakspelar i rolla som Håkon den Gode.*



*Torhild Andersen som Dronning Gunnhild med terna si.*



**Prosjektleiar: BJØRN HAALAND** har frå januar vore lokal prosjektleiar for Håkonarspelet og kystsogeveka. Haaland er lærarutdanna, men har dei siste åra vore konsulent ved Avdeling for oppvekst og omsorg i Fitjar kommune. Han er aktiv i organisasjonslivet, særleg i idrettslaget som fotballspelar og trenar, og sit i dag i kommunestyret.



**Regiassistent: JOHN STAVLAND** har vore tilsett ved Hordaland Teater sidan 1991. Her har han mellom anna vore prosjektleiar for den årlege Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord. Han har leia scenekunstprosjekt i bydelen Loddefjord og vore instruktør og forfattar for Loddefjord barne- og ungdomsteater. John Stavland er prosjektleiar for dei årlege Barnas Festspill under Festspillene i Bergen. Han har også hatt regioppgåver ved Hordaland Teater.

**Andre medverkande:**

**Terner:**
Sylvi Nysæter,
Line Camilla Lyngvær,
Mariann Bondevik,
Randi Tverderøy

**Bondekoner:**
Aslaug Aarbø,
Liv Larsen,
Anne Marie Røed

**Jenter:**
Ann Elin Westerheim,
Helene Larsen,
Trude Ertsås Våge,
Brita Sørvik

**Sveinar:**
Andreas Tufteland Engelsen,
Sigve Gerhardsen

**Statistar:**
Andreas Helland,
Hild Vik,
Johannes Aadland,
Jorunn Larsen,
Kristine Berntsen,
Rannveig M. Berrefjord,
Sindre Helland,
Tor Eivinn Haaland,
Vegar Linge Haaland,
Åshild Aadland,
Tore Tverderøy

**Osternes Songkor**

Av **Johannes Heggland**
Musikk: **Ketil Hvoslef, Knut Vaage**
Regi: **Anne Gullestad**
Medinstruktør/Prosjektleiar: **Ragnhild Randal**

| | |
|---|---|
| Håkon den Gode | **Paul-Ottar Haga**<br>Leif Sigurd Larsen* |
| Tora Mostrastong | **Agnete G. Haaland**<br>Kjersti Nordtveit* |
| Jorunn Skjoldmøy | **Berit Opheim**<br>Vigdis Aarre Olsen* |
| Øyvind Skaldaspille | **Stein Arild Espeland** |
| Kongen sin væpnar | Leif Sigurd Larsen |
| Broder Jatmund | Vidar Kjemperud |
| Udna Fiskreke | Sissel Jørgensen |
| Tora Håkonsdotter | Birgitte Drønen |
| Olmod Årmann | Inge Agnar Hatlevik |

**Lokal prosjektleiar:**
Bjørn Haaland

**Regiassistent:**
John Stavland

**Kor:**
Osternes Mannskor
*dirigent:* Mikal Hageberg

**Orkester:**
Sagvåg Musikklag
*dirigent:*
Jan Magne Olsen
*Kapellmeister:*
Helge Haaland

**Sufflør:**
Solveig Thunestvedt

**Kostymearbeid:**
Elise Aarbø, Else Vestbø-stad, Hildur Fitjar, Petra Espevoll, Kirsten Tufteland, Aud Aarskog, Svanhild Kloster, Ingeborg Brekke, Madli Johnsen, Ingrid Tveita

**Scene/kulissar/rekvisita:**
Odd Espevoll, Jørund Fjøsne, Martin Vik

**Sminke:**
Aslaug Aarbø, Vibeke Strand, Edel Bukkholm, Hilde Bukkholm, Gro Valvatne, Nina Volden, Rannveig Vik, Anne Helland, Marta Irene

Kulturformidlinga Håkon den Gode
i samarbeid med Hordaland Teater,

Scenografi: **Jack Markussen**
Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**
Maske: **Torunn Løken**

| | |
|---|---|
| Tord Hordakåreson | Svein Kåre Meling |
| Torleiv Lagmann | Martin Hatlevik |
| Bjørn Kvite | Martin Nysæter |
| Bjørn Svarte | Jørund Fjøsne |
| Dronning Gunnhild | Torhild Andersen |
| Harald Eiriksson | Annvald Tufteland |
| Erling Eiriksson | Salomon Aarbø |
| Alv Askmann | Kjetil Rydland |
| Kisping | Lars Ove Rimmereid |
| Terne åt Tora | Kjersti Nordtveit |

*Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar*
**= Amatørskodespelarar i rolla utanfor kystsogevekene*

Stokken, Celin Sagenes,
Ellinor Bergesen

Kjetil Rydland,
Bjørn Haaland

**Samarbeid med** :
Fitjar Idrettslag,
Engevik og Tislevoll A/S
Aker Stord A/S
Odd Larsen A/S
Vik & Sandvik A/S
Fitjar Mekaniske Verkstad A/S

**Vertskap:**
Ordførar Per-Gunnar Bukkholm,
Leiar i kulturutvalet Harald Rydland,
Kommunal arbeidsgruppe:
Elise Aarbø,

**Arbeidsgruppe:**
Per-Gunnar Bukkholm (formann),
Odd Sverre Larsen,
Herman Inge Aadland,
Odd Bondevik,
Elise Aarbø,
Kjetil Rydland,
Bjørn Haaland.

Fitjar Kommune og
Hordaland Fylkeskommune

**OSTERNES MANNSKOR**
vart skipa i 1934 og kan no sjå tilbake på ein 63 års samanhengjande korsongtradisjon i Osterneskrinsen. Medlemstalet har svinga mellom 13 og 20 og er i år på 17. Mikal Hageberg er dirigent og har leia koret i 38 år. Koret innøver eit utval på 25-30 songar i året, med hovudvekt på vår klassiske norske song- og salmeskatt, men nyare arrangement av shanties, negro spirituals og skjemteviser får og innpass i repertoaret.

**SAGVÅG MUSIKKLAG**
vart skipa i 1935 og var janitsjar-korps fram til 1982. Korpset er i dag det einaste amatør-korpset med brassbesetning i Stord Kommune. Sagvåg Musikklag deltek årvisst i noregs-meisterskapen for brass-band og held i dag god 1. divisjonsstandard. Korpset rekrutterer medlemmer frå heile Stord-øya.

## Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane:

*Venene hans flytte liket hans nord til Seim i Nordhordland og kasta opp ein stor haug der og la kongen inni, heilt væpna og i den beste kledebunaden, men utan anna gods. Dei tala så over grava hans, som det var skikk hjå heidningar, og viste han til Valhall.*
Frå Snorre

På Seim låg ein kongsgard der etter soga såvel Håkon den Gode som Harald Hårfagre ofte heldt seg. I spelet møter vi først ein aldrande Harald Hårfagre, sitjande på kongsgarden. Unge Håkon er berre 10 vetrar og har for det meste tilhald hos mor si, Tora Mostrastong, på garden Vatnar som kongen har bygt åt henne nær ved. Vi får sjå korleis det går til at Harald sender son sin til oppfostring hos kong Adalstein i England og korleis Håkon får sverdet Kvernbit. Vi er også til stades med Håkon hos hoffet til kong Adalstein der vi møter kjende menn som Hauk Håbrok og Egil Skallagrimson.

Femten år gammal kjem Håkon att og blir teken til konge av trønderane med Sigurd Ladejarl si hjelp. Vi opplever Håkon sitt beiske tap på Mære (Sparbu sør for Steinkjer), der han må gi etter for bøndene og vera med i den heidenske blotinga. Sidan møter han mor si som no har teke ved kristentrua; ho bed han vera sterk og ikkje svika Krist. Men Håkon vinn ikkje over nederlaget.

I siste scene blir heimkoma til den falne kongen skildra. Håkon den Gode blir gravlagt på Seim.

Songen *Frå utgamal tid låg ein kongsgard på Seim* er nyskriven for spelet.

*Frå prøvene.*
*Foto: Roald Straume*



*Frå venstre:*
*Johannes Rydland som Egil Skallagrimsson, Leif Egil Vatnøy som Kong Adalsteinsfostre, Petter Vik Fjellstad som Håkon 10 år, Inge Åsebø som Kongsbispen, Erik Arne Eknes som Hauk Håbrok.*



*Knut Magne Molvik som Harald Hårfagre, Agnete G. Haaland som Tora Mostrastong, Karstein Moldøen som Sigurd Ladejarl, Stein Arild Espeland som Øyvind Skaldaspille, Erik Arne Eknes som Hauk Håbrok m.fl.*



*Frå prøvene på Seim.*




## Helsing frå ordføraren i Lindås

Året 1997 vil markera starten på ei storstilt kultursatsing i kommunane våre i Nordhordland.

Kystsogeveka i august vil setja fokus på tradisjonen i bygdene våre - med alt dei har å visa fram, og slik sett har vi mykje å vera stolte over.

Strilane, som var sett på å vera nøysame og kanskje litt varsame, må no stå fram og med vyrdnad syna alle våre sambygdingar og tilreisande noko av det våre slekter før oss har skapt og forma.

Sogespelet om Håkon den Gode på Håkonshaugen i Seim 16. og 17. august er starten på kystsogeveka. Urframføringa ser vi alle fram til med spenning, og eg vil nytta høve til å retta ei varm takk til dykk alle som har gjort dette mogeleg.

Håkon den Gode, som vaks opp på kongsgarden på Seim, var den første kongen i Noreg som freista innføra kristendomen. Han har og æra for lagtingsordninga og leidangen.

Så, kjære Nordhordlendingar og andre; gjer vel å møt fram til dette store spelet og få eit innblikk i vår eiga historie!

Atle Kålås
- Ordførar -

*Frå prøvene. Foto: Roald Straume*



*Agnete G. Haaland som Tora Mostrastong, Petter Vik Fjellstad som Håkon 10 år, Erik Arne Eknes som Hauk Håbrok, Jarle Skjelvik som Kongens hird.*



*Leif Egil Vatnøy som Kong Adalstein og Petter Vik Fjellstad som Håkon 10 år.*



*Ivar Hopland, bakspelar i rolla som Håkon den Gode.*



**Produksjons-ansvarleg: TONE SKJEIE SKAUGE** kjem frå Stavanger, men flytta til Lindås i 1987. Sidan 1994 har ho arbeidd som kulturkoordinator i Nordhordland og arbeider såleis til dagleg med å setja Nordhordland på kulturkartet. Det siste året har kystsogevekene og Håkonarspela vore nokre av dei viktigaste arbeidsoppgåvene. Ho er lokal produksjonsansvarleg for spelet på Seim og medverkar også som sufflør.



**Formann JAN SPURKELAND** bur på Seim der han driv småbruk saman med familien. Han arbeider i Statoil og er for tida ved AFF på NHH. Han har gitt ut fire bøker, ei fagbok om leiarskap og tre bøker om strilehumor, mellom anna *Spøt-Olina og andre følk*. På fritida dyrkar han song og musikk, og har siste året vore leiar for arbeidsgruppa for Håkonarspelet på Seim.

**Andre medverkande:**

**Kvinne i fylgje:**
Catrine Kvamme

**Sveinar:**
Steinar Hagesether
Halvard Dalland

**Bønder, kvinner og barn:**
Solvor M. Vik,
Reidun Aarra,
Stein Olav Nesse,
Therese H. Johansen,
Runar Nesse Solhaug,
Kjetil Andre Hjelmtveit,
Per Arne Vatnøy,
Kristoffer Kaland Risa,
Camilla Hopland,
Lillian Hopland,
Silje Skår Jakobsen,
Sandra S. Andreassen,
Synne Ones,
Endre Aarra,
Jan Anish Hopland,
Atle Carlsen Berge.

**Seim Songkor**

Av **Johannes Heggland**
Musikk: **Ketil Hvoslef, Jostein Stalheim**

Regi: **Anne Gullestad**
Medinstruktør/Prosjektleiar: **Ragnhild Randal**

| | |
|---|---|
| Håkon den Gode | **Paul-Ottar Haga**<br>Ivar Hopland* |
| Tora Mostrastong | **Agnete G. Haaland**<br>Sissel Askeland* |
| Jorunn Skjoldmøy | **Kjersti Wiik**<br>Vigdis Åsgård* |
| Øyvind Skaldaspille | **Stein Arild Espeland** |
| Kongen sin væpnar | Ivar Hopland |
| Broder Jatmund | Hermund Nesse |
| Håkon 10 år | Petter Vik Fjellstad |
| Harald Hårfagre | Knut Magne Molvik |
| Kongevakt | Ivar Hopland |
| Sigurd Ladejarl | Karstein Moldøen |
| Hauk Håbrok | Erik Arne Eknes |

**Produksjonsansvarleg:**
Tone S. Skauge

**Kor:**
Seim Songkor
*Dirigent:*
Leif Egil Vatnøy

**Orkester:**
Eikanger-Bjørsvik Musikklag
*Kapellmeister:* Knut Harald Rydland

**Sufflør:**
Tone S. Skauge

**Kostyme:**
Grethe Spurkeland, Margit Rydland, Marit Konglevoll Marit Rydland, Bibbi Plett Randi Straume.

**Scene/kulissar/rekvisita:**
Bjørn Herland, Jan Rune Kloster, Bjørn Inge Hopla

**Sminke:**
Marit Hopland, Lene Reiersen, Margunn Totlar Astrid Botnen, Kari Hovl Kari Haugland, Beate Svendsen, Astrid Risa, O

Kulturformidlinga Håkon den Gode
i samarbeid med Hordaland Teater,

Scenografi: **Jack Markussen**
Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**
Maske: **Torunn Løken**

| | |
|---|---|
| Åsbjørn frå Meldalhus | Jon Hopland |
| Kong Adalstein | Leif Egil Vatnøy |
| Egil Skallagrimsson | Johannes Rydland |
| Kongsbispen | Inge Åsebø |
| Kongens Hird 1 | Jarle Skjelvik |
| Kongens Hird 2 | Roald Straume |
| Hoffterne | Kirsten Hagesether |
| Tora Håkonsdotter | Nina Spurkeland |
| Svein åt | |
| Øyvind Skaldaspille | Espen Hopland |
| Terne åt Tora | Brith Hansen |
| Terne åt Tora | Berit Ohnstad |

*Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar*
**= Amatørskodespelarar i rolla utanfor kystsogevekene*

Spurkeland, Svanaug Sandvik, Astrid Paulsen, Hege Nesse, Svanhild Spurkeland, Elisabeth Valle. Henrik Flatøy, Tone S. Skauge

**Samarbeid med:**
G/L Strilatun

**Vertskap:**
Lindås Kommune

**Arbeidsgruppe:**
Jan Spurkeland (formann),
Einar Vatne,
Anna K. Valle
Atle Kålås,

Lindås Kommune og
Hordaland Fylkeskommune

**SEIM SONGKOR**
vart skipa i 1974 og har idag 33 medlemmer. Koret har gitt konsertar med artistar som Tove Karoline Knutsen, Geirr Lystrup og Ytre Suløen. Repertoaret spenner frå klassisk renessansemusikk via Edvard Grieg til moderne musikalar. Leif Egil Vatnøy har vore dirigent og musikalsk leiar sidan 1994.

**EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG**
vart skipa i Lindås kommune i 1949 og har i mange år vore eit messingensemble av høgste klasse med suksess såvel i Noreg som på kontinentet. Bandet har markert seg med ein eigen spelestil og etterkvart fått lovord også i det kritiske brassbandmiljøet i Storbritannia."The Eikanger Sound" er der blitt eit positivt omgrep. Bandet gir omlag 40 konsertar i året. I vår kjem to nye CD'ar, den fjerde og femte i rekkja. Den eine er med populærmusikk arrangert av musikalsk leiar for korpset, Ray Farr. Den andre er ei samtidsmusikkplate med nyskapande verk av Elgar Howarth som er dirigent og musikalsk rådgjevar for bandet. Saman med sjefdirigent Howard Snell stakar desse tre toppdirigentane ut kursen vidare for ensemblet, med vekt på allsidig musikk som treff eit stort publikum.

## Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane

*Håkon var utifrå gladvær og lettmælt og omgjengeleg; han var ein k*
*mann, og han la mykje vinn på lovgjevinga. Han gav Gulatingslova e*
*samråd med Torleiv Spake og han gav Frostatingslova etter samråd*
*Sigurd jarl og andre av dei klokaste trønderar, men Heidsævislova h*
*Halvdan Svarte gjevi, som før er fortalt.*
Frå Snorre

I Eivindvik møter vi den lovkunnige kongen i dei beste åra av si kongstid. Ufreden mellom kongen og broren Eirik Blodøks har roa seg. Eirik har flykta til England med folk og hær. Håkon er såleis teken til konge i heile landet, men heldt seg mest på kongsgardane vestpå, slik far hans gjorde, då visst i sine eldre år.

Håkon drøymer enno om å få landet kristna, men i Gulen er det først og fremst bøtinga av den gamle Gulatingslova som opptek han. Håkon den Gode utvida Gulatinget til også å gi plass for Egdafylke, Rygjafylke og Sunnmørafylke. Vi møter haslevoller og tingfolket, vi møter storbønder som taler kongen sin imot når det gjeld kristentrua. Varde- og leidangsskipnaden ligg kongen sterkt på hjartet, og dette blir det viktigaste tillegget til Gulatingslova.

I Gulen møter Håkon også lag
sin i den fagre Gudny Torkjell
dotter som han gjer til frilleko
Vi møter ein konge som i liv
lynne er merkt av si tid, med
band til den kristne oppseding
fekk hos kong Adalstein.

*Frå prøvene.*
*Foto: Kjell Solheim*



*Paul-Ottar Haga som Håkon den Gode og Helge Takle som kongen sin bakspelar og væpnar framføre speleplassen.*



*Paul-Ottar Haga som Håkon den Gode, Stein Sandemose Baardsen som Bisp Mikjal og Erling Øvstedal som Broder Jatmund.*



*Vidar Reknes som Sote Erikson, Tor Leif Mongstad som Tord frå Aurland, Sverre Kjelby som Arinbjørn Toreson.*



*foto: Terje Hamre*

## Helsing frå ordføraren i Gulen

Vi helsar vel møtt til Gulating - til Kystsogeveker og til fine augustdagar i Gulen kommune.

Kjem du frå sør til Gulen, så må du kryssa fylkesgrensa. Men kultur kjenner ingen grenser, og me vil meir enn gjerne dela vårt med deg og alle andre.

De har møtt den første Håkon i den norske kongerekkja både på Fitjar og Seim når de no kjem til Gulen. Hans kongegjerning i Gulen kan kanskje formulerast i ei kort setning: *Med lov skal landet byggjast*. Dette var ei grunnsetning i Gulatingslova, og Håkon den Gode var ein fornyar av det lovverket vi alle kjenner frå Gulatinget. Så lovverket for det arbeid vi i dag utfører, har ein historisk base i Gulen.

Det er venesæle menneske som lever, arbeider og bur i Gulen. Ta med deg inntrykk frå ein til tider dramatisk og skiftande natur, og tal med folket de møter.

Vel møtt til Gulating og til Håkonarspel. Du er vår velkomne gjest!

Ola E. Byrknes
- Ordførar -



foto: Reiakvam

## KYRRE EIKÅS OTTERSEN

vart utdanna frå Bergen Teaterskole og tilsett ved Sogn og Fjordane Teater i 1995 der han har hatt roller i *Jeppe på Berget* og *Trollspegelen*, spela rolla som Olav Tryggvason i Rolf Losnegårds *Solgåva frå vest* og hovudrolla Arthur i *Tango* av Slawomir Mrozek. På kort varsel gjekk Kyrre Eikås Ottersen inn i rolla som vikingkongen Ramn i *Kinnaspele*t. Til hausten speler han Lysander, ein av dei unge elskande i Shakespeares *Ein midtsommarnattsdraum.*



## SILJE SKJEMSTAD

kjem frå Røros. Ho gjekk ut frå Bergen Teaterskole i 1996 og er no tilknytta Sogn og Fjordane Teater. Saman med tre andre skodespelarar starta ho i 1996 den frie gruppa *SKUR-7* som viste framsyninga *Amalie, et antatt møte mellom mann-kvinne* mellom anna på vidaregåande skular i Hordaland. Silje Skjemstad har medverka i fleire kortfilmar, mellom anna i Johan Falkbergets *Den fjerde nattevakt* vist i NRKs skolefjernsyn. Til hausten skal ho spela rolla som Hermia i Shakespeares *Ein midtsommarnattsdraum* ved Sogn og Fjordane Teater.

*Frå prøvene. Foto: Kjell Solheim*



**Gulatingskoret**
er samansett av Brekke Mannskor, Dalsøyra Songkor, Gulen kyrkjesonggruppe og andre som ikkje er tilslutta desse kora. Kormedlemene kjem frå heile indre Gulen - med lang veg til korøvingane i Eivindvik; Dette syner stor interesse for å vera med på ei historisk hending for songen i distriktet.

**Manger Musikklag**
har i ei årrekkje vore Noregs leiande brassband, med sju Noregsmeistertitlar på merittlista, dei fire siste av desse i 1994, 1995, 1996 og 1997! Manger Musikklag er fyrst og fremst eit konsert-orkester. Laget spelar meir enn 30 konsertar i året, konsertar som spenner frå reine show, via storband til konsertar med ny norsk musikk og klassiske konsertar. Laget har arbeidd saman med fleire av Noregs fremste artistar som Ole Edvard Antonsen, Brazz Bros og Øystein Wiik, turnert i Norden og Europa og medverka i ei rekkje fjernsynsproduksjonar. Med CD'ane "Circius" og "The binding of the Wolf" har Manger Musikklag markert seg i arbeidet for å fremja norsk musikk. Manger Musikklag arbeider på prosjektbasis med fleire av dei leiande brassdirigentane i Noreg og Europa.

Av **Johannes Heggland**
Musikk: **Ketil Hvoslef, Jostein Stalheim**

Regi: **Anne Gullestad**
Medinstruktør/Prosjektleiar: **Ragnhild Randal**

| | |
|---|---|
| Håkon den gode | **Paul-Ottar Haga**<br>Helge Takle* |
| Tora Mostrastong | **Agnete G. Haaland**<br>Carina Haveland* |
| Jorunn Skjoldmøy | **Kjersti Wiik**<br>Ingrid H. Haveland |
| Øyvind Skaldaspille | **Stein Arild Espeland** |
| Kongen sin væpnar | Helge Takle |
| Isleiv Audunsson | **Kyrre Eikås Ottersen**<br>Oliver Haveland* |

**Produksjonsansvarleg:**
Ingrid Haveland

**Regiassistent:**
Arild Støfring

**Kor:**
Gulatingskoret
*dirigent:*
Agnar Mostrøm

**Orkester:**
Manger Musikklag

**Statistar:**
Gulatingskoret

**Statistar/Barn:**
Elevar ved skulane:
Brekke,
Dalsøyra,
Eivindvik

**Sufflør:**
Eli Raa Nilsen

**Kostyme:**
Borgny Brosvik, Gun
Mongstad, Hildegunn
Hildegunn Rutledal,
Margrethe Skåden, K
Øvstedal, Helen Ranc
Svanhild Røkenes.

Kulturformidlinga Håkon den Gode i samarbeid
Hordaland Teater, Sogn og Fjordane Teater

Scenografi: **Jack Markussen**
Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**
Maske: **Torunn Løken**

| | |
|---|---|
| Gudny Torkjellsdotter | **Silje Skjemstad** |
| | Anne Hauge* |
| Torleif Lagmann | Magnor Midtun |
| Bisp Mikjal | Stein Sandemose Baardsen |
| Arinbjørn Toreson | Sverre Kjelby |
| Tord frå Aurland | Tor Leif Mongstad |
| Sote Erikson | Vidar Reknes |
| Berse Gudlaus | Gorm Evensen |
| Broder Jatmund | Erling Øvstedal |

*Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar*
**= Amatørskodespelarar i rolla utanfor kystsogevekene*

**Scene/kulissar/rekvisita:**
Kjell Solheim, Tor Njøten, Nils Knarvik, Gula Skytterlag

**Sminke:**
Irene Bøe, Gerd Heggernes, Unni Jorunn Sæthre, Kristin Dingen, Astrid Opdal, Marit Johansen, Anita Eide, Aina Neverdal, Evelyn Bjørge, Beate Louise Bøe, Elin Kvamme, Erna Bøe.

**Samarbeid med:**
Gardbrukarar på Eidsbotn, Gula Skytterlag

**Vertskap**:
Gulen Kommune

**Arbeidsgruppe:**
Kjell Solheim (formann), Ingrid Haveland, Tor Njøten, Hildegunn Takle, Borgny Brosvik, Irene K. Wergeland, Bjørn Misje.

Gulen Kommune og
Hordaland Fylkeskommune



**Produksjons-ansvarleg INGRID HAVELAND** har jobba som instruktør for Ungdomslag og 4H sidan 1976. Ho har skrive barneteater-stykker, eit historisk spel og omsett skodespel, musikkspel og revynummer til nynorsk.



**Formann KJELL SOLHEIM** er liknings-sjef i Eivind-vik. Han er leiar for den lokale prosjektgruppa "Personalia", leiar for Eivindvik Ungdomslag, med i revyorkester og arbeider aktivt for å få musikkskule til Eivindvik.



**Regiassistent: ARILD STØFRING** har 3-årig teaterutdanning frå Universi-tetet i Trondheim. Han har vore fast tilsett ved Sogn og Fjordane Teater sidan 1995, har hatt engasjement ved Trøndelag Teater og Hallingdal Teaterverkstad og er kunstnarleg leiar for frigruppa *Teater 5*.

## Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane:

*Han bad dei då senda bod til Eirikssønene at dei skulle vera kongar over landet; men han bad dei vera gode mot venene og frendane hans: "men endå om det skulle vera så laga at eg skulle leva lenger," seier han, "så vil eg fara frå landet til kristne menn og bøta det som eg har forbroti mot Gud. Men om eg døyr her i heidenskapen, så skal De jorda meg som De sjølve synest." Lite etter døydde kong Håkon der på hella, der han vart fødd.*

Frå Snorre

På Håkonshella kjem Håkon den Gode til verda, son av Harald Hårfagre og Tora Mostrastong frå Moster. Sigurd Ladejarl er gudfar til kongesonen og gir han namnet Håkon etter far sin. Her skal Håkon sidan døy.

Håkonshella blir såleis eit ankerfeste i livet til Håkon den Gode, og slik vert staden også skildra i spelet: Det er hit han kjem attende etter oppfostringa i England, når han får bodet om at far hans, kong Harald er daud. Han er 15 år gammal, etter soga, og blir teken til konge av trønderane etter kongsval i Trøndelag.

Korleis det gjekk føre seg at Håkon vart teken til konge på Frostatinget er ei sentral hending i spelet, og ein scene går såleis føre seg i Trøndelag. Konge for heile landet er han enno ikkje. Det tek fleire år. Bror hans, Eirik Blodøks, rår over store delar av landet.

Håkon kjem til Noreg som ein kristen. Han er sterk i si unge tru, men vil først vinna landet og fullt kongsnamn, sidan vinna folket for Krist.

Ein scene går føre seg på Seim der unge Ulvhild kjem med bod til Tora kongsmor. Siste scene skildrar Håkon si siste kome til Håkonshella der han døyr med sine trufaste kring seg.

Songen *Endelaus, endelaus, endelaus* er nyskriven for spelet.

*Frå prøvene.*
*Foto: Magne Åhjem*



*Ingvild Johannesen som terne og Stein Arild Espeland som Øyvind Skaldaspille.*



*Tor Bjørge som trælen Fjolne, Ingvild Johannesen som terne og Stein Arild Espeland som Øyvind Skaldaspille.*



*Mønstring av storparten av ensemblet. Frå prøvene.*



*foto: Hans Jørgen Brun*

## Helsing frå ordføraren i Bergen

I kulturminneåret 1997 er det sers gledeleg at Bergen og Omland deltek i ei storsatsing på kystkulturen som her vert gjort.

Fokus på kystkulturen i vår landsdel, vil kunne verka som ei vitamininnsprøyting for barn og unge si interesse for historiekunnskap.

Desse fire spela om Håkon den Gode sitt liv og hans lagnad, flettar seg fint inn som ein viktig tilvekst til våre mange og ulike historiske spel rundt om i landet.

Eg vonar at små og store, gamle og unge, vil nytta høve til å oppleva minst eit av spela og til å vitja satsingsområda som alle har si eiga historie og verdi.

Kystsogevekene´97 gir eit einestående høve til å kunna oppleva dåmen av tidlegare tider og historie.

Til arrangørane vil eg ynskje hjarteleg til lukke med Kystsogevekene´97!

Ingmar Ljones
- Ordførar -

*Frå prøvene.*
*Foto: Magne Åhjem*



*Christian Venge som Åsbjørn frå Meldalhus, Miriam Lothe Søraa som Tora kongsdotter og Agnete G. Haaland som Tora Mostrastong.*



*Tor Bjørge som trælen Fjolne, Grethe Mikalsen som Ulvhild Hjaltedotter, Rosalind Johannesen som Huld og Ottar Fjell som Hjalte Skjeggson.*



*Fredrik Schulze som Torleif Lagmann, Agnete G. Haaland som Tora Mostrastong og Tormod Løvold som Sigurd Jarl.*



**Produksjons-ansvarleg: LIV LUDVIGSEN** er kultur-sekretær ved Loddefjord Kulturkontor. Ho har arbeidd med kultur og ungdom sidan ho kom til Bergen frå Austevoll i 1976, først som klubbleiar og ungdoms-arbeidar ved ulike fritidsklubbar og no som kultursekretær.



**Regiassistent: CHRISTIAN VENGE** er offiser i sjøforsvaret og arbeider som instruktør på Knm Tordenskjold/Sambands skolen. Det meste av fritida går med til teater-verksemd. I tillegg til å administrera Håkons-hella sin del av Håkonarspela, er Christian Venge instruktør for Sotra Teaterlag.

**Andre medverkande:**

**Terner:**

Gerd Sydow,

Gro-Heidi Myking,

Liv Ludvigsen

**Statistar:**

Margot Paulsen,

Anny Håkonshellen,

Herdis Fauske

**Barn**:

Elisabeth Steiro,

Jenny Lunneng,

Erlend Holtås,

Stine Myking

**Breistein Mannskor**

Av **Johannes Heggland**
Musikk: **Ketil Hvoslef, Knut Vaage**

Regi: **Anne Gullestad**
Medinstruktør/Prosjektleiar: **Ragnhild Randal**

| | |
|---|---|
| Håkon den Gode | **Paul-Ottar Haga**<br>Fredrik Schulze* |
| Tora Mostrastong | **Agnete G. Haaland**<br>Hildegard Vindenes* |
| Jorunn Skjoldmøy | **Berit Opheim** |
| Øyvind Skaldaspille | **Stein Arild Espeland** |
| Kongen sin væpnar | Fredrik Schulze |
| Broder Jatmund | Øystein Berg |
| Torleif Lagmann | Fredrik Schulze |
| Sigurd Ladejarl | Tormod Løvold |
| Ulvhild Hjaltedotter | Grethe Mikalsen |

**Produksjonsansvarleg**:
Liv Ludvigsen ved
Loddefjord Kulturkontor

**Regiassistent:**
Christian Venge

**Kor:**
Breistein Mannskor
*Dirigent:*
Trine Daviknes

**Orkester:**
Forsvarets
Distriktsmusikkorps,
Vestlandet
*Dirigent:*
Helge Haukås

**Sufflør:**
Ingeborg Lothe Søraa

**Kostyme:**
Bydelsgruppe Løvstakken,
syverkstedet, Andrea
Gomez, Britt Koldal,
Haakonsvern systove

**Scene/kulissar/rekvisita:**
Haakonsvern Metallverksted

**Sminke:**
Lillian Haugstad, Britt Eli
Røyrvik, Beate A. Kleivane,
June T. Karlsen, Inger Lise
Kvamsdal, Janne Knudsen,
Ramona Storebø, Lene
Jåstad, Beate Sæle,

Kulturformidlinga Håkon den Gode
i samarbeid med Hordaland Teater,

Scenografi: **Jack Markussen**
Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**
Maske: **Torunn Løken**

| | |
|---|---|
| Hjalte Skjeggson, herse | Ottar Fjell |
| Huld, kona hans | Rosalind Johannesen |
| Fjolne, træl | Tor Bjørge |
| Åsbjørn frå Meldalhus | Christian Venge |
| Ei terne åt Tora | Christine H. Alvøen |
| Ei terne åt Fjolne | Ingvild Johannesen |
| Ørn Åkeson | Thor Stabell Muri |
| Terne åt Tora | Hildegard Vindenes |
| Tora kongsdotter | Miriam Lothe Søraa |
| Hærsvein | John Fløysand |

*Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar*

Christine Alvøen, Christine Algerøy, Eva S. Dale, Ida Jebsen, Silvia Rossnes

**Samarbeid med** :
Vestlandets Sjøforsvars-distrikt, Haakonsvern, Haukelandshallen, skulane i Loddefjord bydel.

*Bodsal på Haakonsvern:*
Mathopen Skole Musikkorps, Loddefjord Brukskunstlag, Nybø Skole Musikkorps, Loddefjord I KFUK speidere, Nybø Brass, Bergen Svømme Club, Mathopen husmorlag, Kjøkkelvik Idrettslag, Vestkant-Trial, Vestkantsvømmerne, Leo Club Bergen Vest, Vadmyra Idrettslag, Loddefjord Barne- og Ungdomsteater.

**Vertskap:**
Bergen Kommune, Vestlandets Sjøforsvarsdistrikt, Loddefjord Kulturkontor

**Arbeidsgruppe:**
Loddefjord Kulturkontor

Bergen Kommune og
Hordaland Fylkeskommune

**Breistein Mannskor**
vart stifta i 1943 og har i dag 65 medlemmer med rekruttering frå heile Åsane og halve Sandviken og Bergen. Koret har eit allsidig repertoar, det opptrer såvel med lett song på torg eller i festlokale, eller med høgtidstemt song i kyrkjer og forsamlingshus. I den prestisjetunge korkonkurransen "Syng for Oss" har koret plassert seg som beste mannskor i Bergen/ Hordaland fleire år på rad.Trine Daviksnes er dirigent og inspirator for koret.

**Forsvarets Distriktsmusikkorps, Vestlandet**
vart stifta i 1792 då det vart oppretta "blåse-orkester" ved dei to garnisonskompania ved Bergenhus. Korpset som seinare fekk namnet "Brigade-musikken" flytta til Torgalmenningen og vidare til Byparken då musikkpaviljongen vart reist. Først på 1900-talet fekk korpset namnet "Divisjons-musikken" som det framleis heiter på folkemunne jamvel om det i 1953 tok namnet "Forsvarets Distriktsmusikkorps Vestlandet". Korpset driv omfattande verksemd med både militære og sivile føremål.

**"Kongen med Gullhjelmen"**

Håkonarparken/
Fitjar



*foto: Stein Erik Gilje*

**"Håkonarvarde"**

Håkonshaugen/
Seim



*foto: Roald Straume*

**"Håkon Adalsteinsfostre i Gula"**

Flolid/
Eivindvik



*foto: Kjell Solheim*

**"Håkon Adalsteinsfostre"**

Haakonsvern/
Håkonshella



*foto: Magne Åhjem*

**SPONSORAR:**

SpareBank 1 Vest | STATOIL | Bergens Tidende

*Bunnfoto: Magne Åhjem*

Ansvarleg utgjevar: Kulturformidlinga Håkon den Gode. Prosjektleiar: Ragnhild Randal.
Adresse: Stend Gamle Hovedgård, 5047 FANA - Tlf. 55 91 53 63 - 55 91 60 20 - fax: 55 91 59 45
Programredaksjon: Nina Randal, Ragna Aarli - Utforming: Ragna Aarli - Trykk: J. W. Eide Grafisk A/S